

UTDRAG FRÅ SKULEN SIN HANDLINGSPLAN:

FØRING AV FRÅVÆR

- Det er skulen sitt ansvar å ha system for registrering av fråvær hos elevane.
- Kontaktlærer har dagleg ansvar for at dette vert gjort og å ha oversikt over fråværet.
- Timelærer har dagleg ansvar for å føra fråvær.

KONTAKT MELLOM SKULE OG HEIM OM FRÅVÆR

- Føresette skal gje grunnjeven melding til skulen ved alle typar fråvær. Melding skal skrivast i meldingsboka til eleven.
- Foreldre skal søkja eleven fri i forkant.
- Føresette skal kontakta skulen på 3.fråværsdag og melda frå om årsaka til fråværet.
- Dersom føresette ikkje tek slik kontakt, skal kontaktlærer ringja føresette til eleven 3.fråværsdag. Ved uro for fråværet vert rektor informert.
- Kontaktlærer informerer heimen same dag ved alt ugyldig fråvær, d.v.s fråvær utan melding eller utan gyldig grunn. Rektor vert informert.
- All kontakt med føresette og/eller elev knytt til fråvær, skal førast i tiltakslogg.

RUTINER FOR OPPFØLGING AV ALVORLEG FRÅVÆR

- Skulen fylgjer prinsipp, retningslinjer og tiltak knytt til vedteken rutine for problematisk skulefråvær.

Målet er å få eleven tilbake på skulen så raskt som mogeleg

Samarbeid

Rask handling er viktig. Om ein ikkje klarar snu fråværsituasjonen raskt, treng alle involverte partar samarbeida målretta og systematisk over tid for å skapa endring. Kommunen har handlingsplan for problematisk fråvær og nyttar denne i samarbeidet.

Nyttige nettadresser:

www.psykiskhelseiskolen.no www.foreldrenettet.no www.vfb.no

Informasjon til foreldre/føresette



Alle barn i Noreg har rett og plikt til grunnskuleopplæring.

Opplæringa har som mål

å førebu og rusta barn og unge for

møtet med samfunnet og for utfordringar gjennom livet.

Dei fleste barn og unge går på skulen frivillig og utan problem.

Kva om frammettet vert vanskeleg?

Kva når skulefråvær uroar oss - kva gjer vi?

Å vera menneske

Mange barn og unge kan gjennom skuleåra ha litt angst og nedstemte kjensler. Dette er ein naturleg del av det å vera menneske, men ikkje gyldig fráværsgrunn. Livet kan føra både ubehag og smertefulle opplevingar med seg. Å akseptera ubehagelege opplevingar er naturlegvis ikkje eit mål, men eit middel til større livsutfalding og eit rikare liv. Det er viktig å snakka med barn og ungdom om dette.

Problematiske skulefråvær kan definerast ved ein eller fleire situasjonar

- Ved fråvær 10 dagar eller 15% av skuletida dei siste 15 vekene
- Barnet går på skulen, men kjem for seint eller går frå skulen i løpet av dagen
- Når barnet viser store åtferdsvanskar med å koma seg på skulen, uttrykt med t.d. sinne, gråt, angst, protest eller frustrasjon

Vanskane kan ofte starta i det små, med forseintkoming eller timefråvær, men kan utvikla seg og bli så store at barnet eller ungdommen til slutt nektar heilt å gå. Problematiske fråvær kan førekoma på alle trinn i skulepliktig alder.

Kven vert ramma?

Situasjonen oppstår uavhengig av økonomisk bakgrunn, kjønn og rase og er jamt fordelt m.o.t. evneføresetnader. Lærevanskar utløysar ikkje problematiske fråvær, men barn og ungdom med mykje fråvær, kan få problem med læringsutbyttet sitt.

Risikofaktorar

- Rollemodellar som sjølv har negative erfaringar med skulen og som sjølv viser angst og unngår situasjonar dei er engstelege for. Nokre foreldre ser barnet sin angst med utgangspunkt i si eiga erfaring.
- Store omveltingar: Skulestart, skulebyte og overgang mellom barneskule og ungdomsskule
- Mobbing og trakassering
- Traumatiske opplevingar: Dødsfall, samlivsbrot, nye familiemedlemmer, familietilhøve med fysiske og psykisk sjukdom, vald og rus m.m.
- Stress der barnet har vorte emosjonelt overbelasta over lengre tid.
- Personlege eigenskapar som det å vera forsiktig eller svært sjenert.

Kjenneteikn

Barn som strevar med å gå på skulen kan ha ubehagelege *kropplege reaksjonar* som hovudvondt, magevondt, kvalme, skjelving, sveitting, kort pust, ryggsmertar, brystsmertar og/eller søvnvanskar. Dei kropplege reaksjonane er forårsaka av skremmande tankar som igjen fører til ubehag. Dei *engstelege barna* har lita tru på å hamla opp med ein bestemt urovekkjande situasjon. Nokon har *stort behov for merksemd* og søker intenst å bekrefte seg sjølv. Ikkje sjeldan kjenner dei seg åleine og forsterkar dette ved å isolera seg. Kontakten med jamaldringar kan dermed verta svært liten. Andre er avhengige av å ha *ein bestemt venn* gjennom heile skuledagen. Nokre viser *ekstrem heimlengsel og frykt for å verta skilt frå foreldre*. Desse barna vil ofte ringja heim for å forsikra seg om at foreldra her det bra og ikkje har vorte utsette for ulukke eller sjukdom. Angsten kan vera høgst reell der foreldre rusar seg, lever i valdelege forhold eller er sjuke, men angsten kan også vera urimeleg, overdriven og urealistisk i forhold til situasjon.

Korleis kan vi hjelpa barna og ungdommane til å gå på skulen?

- Målet er få barnet tilbake til skulen igjen så raskt som mogeleg.
- Snakk med barnet, prøv å forstå kva som ligg bak og ta barnet på alvor
- Forsking viser at heimeundervisning ikkje er formålstenleg tiltak
- Dersom du trur mobbing er grunnen, tek du kontakt med skulen
- Dersom du trur grunnen til fråværet er andre konkurrerande aktivitetar, t.d. PC-spel, TV el.l: Ta dette bort.
- Dersom du trur depresjon og angst er grunnen, så tål og tolerer barnet sine kjensler og tankar. Dette betyr ikkje at du skal hjelpa barnet til å unngå det barnet fryktar. Du skal hjelpa, støtta og leia barnet gjennom det ubehagelege. All unngåing berre aukar angsten og kjensla av å koma til kort. Ved å få hjelp til å gå gjennom, vil barnet læra eigen kontroll over angsten. Her ligg håpet. Vis barnet dette!
- Gje positiv tilbakemelding på alt barnet meistrar; også for å prøva.
- Ignorer uønska åtferd og repeterande engsteleg kommunikasjon. Gi ros og merksemd til modig åtferd. "Det du gir merksemd, gir du kraft"
- Bruk strategiar for avspenning som kan hjelpa barnet som er oppspilt og bekymra; ein spasertur, musikk, lesing, følgje til skulen m.m.

Målet er å få eleven tilbake på skulen så raskt som mogeleg